



5 av deltakarane i Comenius-prosjektet. Bak sit lærarane Stephen Rowe og Mathias Zimmermann. Foran sit elevane Katrine Yri Røssland (Uskedalen), Johannes Guddal og Anne L. Våge

I føremiddag sit ei gruppe med elevar og lærarar frå ungdomsskulen i Rosendal på Flesland klare for avreise til Spania på Comenius-tur. 4 av elevane er frå Uskedalen - det er Birte Nybakk, Marit Inga Traavik Sture, Øystein Haugland og Katrine Yri Røssland og gruppa kjem att neste laurdag.

Gruppa har tidlegare vore i Austerrike og Tyskland som ledd i det same opplegget. Det er eit samarbeidsopplegg i EU-regi for grunn- og vidaregåande opplæring som 14 elevar og lærarar ved skulen er med i. Skulen har vore med i 2 slike prosjekt tidlegare

Spaniaturen er nest siste ledd i prosjektet. Målet er ein skule i Arcos de la Frontera som ligg like ved Gibraltar. Siste ledd er i mai neste år då elevane frå alle 4 land som har vore med skal samlast i Rosendal.

I skuleavisa Under Nuten har Birte Nybakk og Ingeborg Skarsfjord ein stor reportasje om prosjektet som er kalla 'National Parks - advantages and disadvantages'. Hovudtemaet er altså nasjonalparkar og gruppene lagar ei brosjyre om kvar nasjonalpark som ligg nær dei.

Kvar elev bur hos ein vertsfamilie og Birte og Ingeborg skriv at når ein bur åleine i eit framandt hus, med ein familie som ikkje snakkar eins eige morsmål, blir ein plutseleg veldig avhengig av og glad i alle andre som snakkar norsk.

Elevane har vorte betre kjende med kvarandre og lært å kjenna heilt nye sider ved klassekameratane sine. Men dei kjem også til å sakna alle dei nye vennene dei har fått og som dei sikkert kjem til å ha resten av livet.

Av Ola Matti Mathisen